



**Klubben ved Uskedalen skule meiner at kommunen må ha ein eigen kommunalsjef for skule og barnehage hvis Kvinnherad skal ha gode skular og barnehagar.**

**Klubben oppmodar på det sterkaste om at det blir tilsett ein kommunalsjef med skule- og barnehagekompetanse og skriv millom anna slik i ein uttale til høyringsutkastet om ny administrativ organisering:**

'Høyringsutkastet om ny administrativ organisering i Kvinnherad kommune legg opp til ei vidareføring av dagens organisering, med nokre få justeringar. Slik me opplever kvardagen ved å arbeide i Kvinnherad kommune, er dette den mest tenlege organisering med omsyn til vekst og utvikling av tenester.

Då det på møtet i formannskapet i oktober, vart sådd tvil kring tilsetjinga av ny kommunalsjef med ansvar for skule og barnehage, vart me sterkt uroa. Etter vår meining er det heilt naudsynt med eigen kommunalsjef for skule og barnehage.

Me ser behovet for eit sterkt fagmiljø sentralt i kommunen for å sikra at Kvinnherad kommune har eit tilbod med høg kvalitet knytt til primær oppgåvene som omhandlar skule og barnehage.

Ein kommunalsjef for skule og barnehage skal:

- Organisera og driva fram godt utviklingsarbeid i skule og barnehage
- Fylgja opp statlege føringar til kommunen
- Fylgja opp vedtekne lokale mål
- Ta seg av administrative oppgåver
- Fylgja opp budsjett og gjennomføring av vedtak gjort av skuleeigar
- Ha kontakt med dei einskilde verksemdene
- Driva fram vekst og kvalitet knytt til sektoren
- Vera kommunen sin talsperson internt og eksternt.'